

1           **Bakgrunn:     14.05.16**

2           Bakgrunnen for prosjektet er eit vedtak som vart fatta i Fylkestinget 09.12.2014 i saka  
3           “Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bofile og transpersonar” (sak 82/2014). I  
4           samband med at LHBT-planen vart send til rullering, bad Fylkestinget Fylkesrådmannen om å  
5           utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering.

6           Det betyr at denne handlingsplanen for homofile, lesbiske, bofile og transpersonar vert del av  
7           den nye generelle planen.

8           Fylkestinget vedtok 10.06.2008 Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland  
9           fylkeskommune (sak 21/08). Denne planen skal no reviderast, jfr. overordna HMT-plan 2014-  
10          2017. Oppdraget frå Fylkestinget vert tolka slik at dei bed om at det vert utarbeidd ein  
11          generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering som gjeld alle dei områda som  
12          fylkeskommunen har ansvar for.

13          Basis for planen er dei 4 diskrimineringslovene og Arbeidsmiljølova ([se lenker, s.....](#)) Det vert  
14          for tida vurdert samanslåing/revidering av diskrimineringslovene, men arbeidet er ikkje  
15          ferdigstilt, og denne planen må derfor forhalde seg til eksisterande lovverk.

16          Prosjektgruppa vart sett ned i oktober 2015 og har hatt desse medlemmene: Ruth Brudvik,  
17          leiar, Anne Mette Nesje Porten (regionalavdelinga), Laila Christin Kleppe  
18          (opplæringsavdelinga), Mari-Kristine Morberg (mobbeombod, opplæringsavd.), Frode  
19          Mannsåker (HR), Jorunn Bakke Johannessen (FHVO), Sølve Sondbø (HTV /koordinator  
20          Akademikerne) fram til 31.12.15, Marius Kjørmo (HTV/koordinator Akademikerne) frå  
21          01.01.16, Benedicte Meyer (HTV Utdanningsforbundet).

22          Styringsgruppa: Ingrid Holm Svendsen, direktør Økonomi og organisasjon, Geir Davidsen,  
23          direktør HR, Linda Farestveit, leiar seksjon skule, Opplæringsavdelinga.

24  
25          **Innhaldsoversikt**

26          Bakgrunn.....	s.2
27          Mangfold og menneskeverd.....	s.4
28          Handlingsplanen – roller og funksjon .....	s.5
29          HFK som tenesteytar .....	s.6
30          HFK som arbeidsgjevar.....	s.8
31          Oppsummering.....	s.12
32          Kjelder og lenkesamling.....	s.13
33          Definisjonar.....	s.14

35      **1. Mangfold og menneskeverd**

36

37    Likeverd, likestilling og inkludering er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for  
38    alle. Alle hordalendingar skal ha same tilbod og moglegheiter for samfunnsdeltaking, uansett kjønn,  
39    etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

40    Alle som kjem i kontakt med fylkeskommunen skal oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra  
41    korrekt handsaming av engasjerte og dyktige medarbeidarar. Fylkeskommunen skal ha eit likeverd-,  
42    likestillings- og inkluderingsperspektiv i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring  
43    og i samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar.

44    Handlingsplanen er forankra i Hordaland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag: «Vi utviklar  
45    Hordaland» - som har rotfeste i verdiane våre:



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag, skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi samarbeider, og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremtar vi samhandling og demokrati

46

47    Vidare er planen forankra i dei etiske retningslinjene våre:

48    «Fylkeskommunen forvaltar fellesskapet sine verdiar med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver  
49    offentleg mynde og yt tenester som er viktige for samfunnet, for verksemder og for einskildpersonar.  
50    Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal vere seg medviten samfunnsansvaret som  
51    følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.»

52

53    «Likeverd, likestilling og inkludering» er vurdert i høve til diskrimineringsgrunnlaga som kjem til  
54    uttrykk i diskrimineringslovene og i Arbeidsmiljølova. Ulike former for diskriminering, separat og i  
55    kombinasjon, vil påverka levekåra for innbyggjarane.

56

57    I fylkeskommunen er det nulltoleranse for mobbing og trakassering.

58

59    Fylkesrådmann

Fylkesdirektør økonomi/organisasjon

60

- 61           **2. Handlingsplanen – roller og funksjon**
- 62
- 63       Målgruppa er både arbeidsgjevar, arbeidstakrarar og brukarar av tenestene, inkludert elevane i  
64       vidaregåande opplæring. Handlingsplanen skal vere med og legge premissar for fylkeskommunen sitt  
65       oppdrag som regional utviklar.
- 66
- 67
- 68       Formålet med planen er å få eit verktøy og ei støtte for leiarar og tilsette. Samstundes skal den  
69       synleggjere at HFK tar likeverd, likestilling og inkludering på alvor og at det vert arbeidd systematisk  
70       med problemstillingane. Våre brukarar skal kunne vite kva dei kan forventa seg i møte med  
71       organisasjonen vår. Likeeins skal dei som arbeider i HFK både vite kva som blir forventa av dei i  
72       jobben - og kva som er arbeidsgjevarpolitikken vår.
- 73       Handlingsplanen er difor toledda med tiltak både i arbeidsgjevar- og tenesteytarrolla.
- 74       Tiltaksplanane er systematisert etter to område: HFK som arbeidsgjevar og HFK som tenesteytar.
- 75       Nokre av problemstillingane er aktuelle for begge områda, utan at vi har presisert dette i framlegga  
76       til tiltak.
- 77
- 78       *Eit godt arbeidsmiljø er den viktigaste drivkraften for å vedlikehalde og opparbeide haldningar som  
79       fører til aktiv praksis for likeverd, likestilling og inkludering.*
- 80
- 81       *Aktiv inkludering kan innebere ein målkonflikt mellom kravet om effektiv drift og reell  
82       inkludering.* Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal  
83       bidra til eit inkluderande arbeidsliv, og dette kan derfor ha budsjettmessige  
84       konsekvensar.
- 85
- 86
- 87       I tråd med gjeldande styringsdokument og statlege føringar er mange tiltak alt sett i gang. **Innanfor  
IA, Folkehelseplan, HMT, Deltaking for alle..... Det er viktig å understreke at alt inkluderings- og  
likestillingsarbeid inneber kontinuerleg innsats, og at mange av tiltaka derfor sjeldan kan  
ferdigstilla. Det er snakk om fokus på haldningar og leiing.**
- 88       Handlingsplanen er ein delplan til HFK sin Overordna HMT-plan 2014-2017, under satsingsområdet  
89       «Likestilling, likeverd og inkludering». Den Overordna HMT-planen tar utgangspunkt i AML og  
90       konsentrerer seg om arbeidsgjevarperspektivet, medan «Handlingsplan for likestilling, likeverd og  
91       inkludering» tek opp både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet for HFK.
- 92
- 93       Handlingsplanen inneheld mange tiltak. Dei tiltaka i lista som ikkje umiddelbart blir prioritert, kan gje  
94       inspirasjon til å gjere endå meir på dei ulike einingane og evt. bli vidareført ved rullering av planen.
- 95
- 96       Godt og inkluderande leiarskap sikrar ei kontinuerleg formidling av fylkeskommunen sine verdiar, og  
97       slik kan ein ikkje berre førebyggje mobbing og diskriminering, men også aktivt styrke arbeidet med  
98       inkludering og likeverd.
- 99
- 100      **Oppfølging av planen:**
- 101
- 102      • Ansvaret for å implementere planen og følgje opp tiltaka ligg i linjeleiinga. Leiарane med  
103       ansvar for det einskilde tiltak, skal setje opp ein forpliktande arbeidsplan med budsjett for  
104       realisering av tiltaket.

- 108     • I samband med den årlege Eigenkontrollen vil det bli etterspurt hos linjeleiар korleis tiltaka er  
109       blitt følgt opp. Eit effektivt kvalitetssystem vil vere eit godt verktøy for å ha ein god oversikt i  
110       linja.  
111     • Handlingsplanen skal takast opp i HAMU/AMU minst ein gong årleg.  
112     • Statusrapportering i HFK si årsmelding.  
113     • Tiltaka i planen skal rullerast minst anna kvart år. Regional planstrategi vert lagt til grunn for  
114       revisjonen.  
115     • Budsjettmessige konsekvensar av tiltaka skal synleggjerast i HFK sitt årsbudsjett, jfr.  
116       arbeidsplanane på dei ulike einingane.  
117

### 118      3. HFK som tenesteytar

119     *HFK skal utøve mynde slik at brukarane er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler.*

120    Dei fleste av innbyggjarane i Hordaland vil ha bruk for fylkeskommunale tenester i løpet av livet:

- 121       • For elevane/lærlingane våre er skulen ein læringsarena og arbeidsplass med dagleg opphold  
122       (med eit eige lovverk, Opplæringslova. Lærlingane kjem og inn under arbeidsmiljølova.).  
123       Leirarar og tilsette i dei vidaregåande skulane til HFK har plikt til å gi alle elevar ein trygg  
124       skulekvardag. Dei må og tilpasse opplæringa til den einskilde elev sine føresetnader og  
125       behov. Godt vedlikehald av skulane våre verkar positivt inn på læringsutbytet og  
126       arbeidsmiljøet.
- 127       • Den offentlege tannhelsetenesta er eit viktig tilbod til born og unge, eldre og andre  
128       prioriterte grupper. Denne tenesta fremjar folkehelsa.
- 129       • Eit godt kollektiv- og samferdsletilbod er ein av nøklane til ein god kvardag for innbyggjarane  
130       og for næringslivet i fylket.
- 131       • HFK gir tilskot og støtte til kultur- og idrettstiltak, og til drift av ulike bygg/anlegg. Dette er  
132       sentralt når det gjeld utvikling av lokalsamfunn, folkehelse, identitet, trivnad og inkludering.  
133       For den einskilde utøvar er dette viktige område for eigenutvikling og integrering.

134     *Hordaland fylkeskommune si tenesteyting er basert på den einskilde innbyggjar sine behov og rettar.*

135     *Tenestene har like god kvalitet og gir like godt resultat uavhengig av den einskilde innbyggjar sine  
136       personlege føresetnader og kor ein bur.*

137    For å oppnå likeverdige tenester til våre brukarar, må fylkeskommunen ha fokus på:

138     -*Åtferd og likeverd.* Alle som har bruk for fylkeskommunale tenester skal bli møtt med respekt og  
139       oppleveling av likeverd, uansett personleg ståstad og bakgrunn.

140     -*Universell utforming.* Universell utforming er planlegging og utforming av produkt, varer og tenester  
141       som skal hindre at vi skapar funksjonshemmande barrierar. Dette skal derfor omfatte alle  
142       fylkeskommunale tenester, heile bygningsmassen, transportmiddel og tenester frå  
143       underleverandørane våre. Det er viktig at tenestene våre er støttande for brukarane sin moglegheit  
144       til å vere sjølvhjelpe. **Her skal ikkje vere så stort mellomrom mellom linjene, berre ny linje.**

145     Redusert psykisk funksjonsevne kan ofte vere «usynleg». Vi må difor stadig utvikle vår kompetanse  
146       for å forstå behovet for tilrettelegging.

147     -*Likestilling.* Likestillingsperspektivet må vere integrert i undervisningstilbodet og rådgjeving til  
148       elevane. til dømes når det gjeld deira val av studieretning og fag. Utdanningsval ber ofte preg av  
149       tradisjonelle kjønnsroller. Ungdom må få oppleve meistring og utvikle eigen styrke og talent. **Dette  
150       må vi sjå litt på. Studierettleiing? Elevane sine val?????**

151     Likeeins må likestilling og inkludering vere førande når det gjeld fylkeskommunen si prioritering i  
152       økonomisk tildeling til kultur- og idrettstiltak.

153     Vi skal ha aktiv merksemد på at utgreiingar, planar og vedtak kan medføre utilsikta diskriminering  
154       for ulike grupper i befolkninga.

155 - *Ulikskap i helse*

156 Gode levekår fremjar god folkehelse. Det er stor ulikskap i helse i Noreg i dag.  
157 Kunnskapoversikta «Folkehelsa i Hordaland 2015» syner at på mange område er det og  
158 tilfelle i Hordaland. Trass i fleire sosiale og økonomiske velferdsordningar som skal bidra til  
159 sosial utjamning, aukar ulikskap i helse. Det er ein tett kopling mellom «kven du er» og kva  
160 helse du kan forvente å ha. Menneske frå høgare sosiale lag lever lengre og har betre helse  
161 enn personar frå lågare sosiale lag. Hordaland Fylkeskommune har som mål å redusere  
162 ulikskap i helse. (Jfr Regional plan for folkehelse).

163 - *Inkludering*

164 Hordaland opplever jamn innvandring, inkludert flyktninger, frå andre land, og utviklar seg til  
165 eit stadig meir fleirkulturelt samfunn. Både språklege og kulturelle barrierar kan skape  
166 utfordringar, og vi må difor ta omsyn til god kommunikasjon for å sikre riktige tenester.  
167 Døme på dette er bruk av språknøytrale symbol, profesjonell tolke- og omsetjingstenester og  
168 klar presentasjon av vårt tenesteapparat.

169 Einsemd er ei viktig årsak til fråfall i den vidaregåande skulen. Utanforskning har store  
170 konsekvensar både for den einskilde og for samfunnet, og er ein risikofaktor når det gjeld  
171 tilknyting til destruktive miljø. Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for gode klasse-  
172 og skulemiljø. Vi skal jobbe mot utanforskning og for inkludering i fellesskapet.

<b>LGBT-arbeid</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• LGBT-sertifisering av HFK</li><li>• Utarbeide lokal rettleiar for skulane om helsefremjande miljø for lhbt-personar</li><li>• Sjå til at litteratur med lhbt-perspektiv er tilgjengeleg i skulebiblioteka</li><li>• <b>Sjekk språk her</b>HFK vil i skjema og i annan kommunikasjon med brukarar, fjerne krav om å oppgi kjønn der dette ikkje er strengt tatt naudsynt. <b>Der det i utgangspunktet framleis er</b></li></ul>			
---	--	--	--

<p style="color: red;">naudsynt å oppgi kjønn, vil kommunen i den grad det er praktisk gjennomførbart, gjøre det mulig å registrere seg som mann, kvinne eller annet.</p>			
<p><b>Universell utforming</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Døvetolkning fra fylkestingsmøta</li> <li>• Plassering av alle opne, politiske møte i lokale med universell utforming</li> <li>• Inngå generell avtale om tolketeneste</li> <li>• Ferdigstilling av skiltprosjekt</li> <li>• Styrke kunnskapen om universell utforming og det pågående arbeidet. Emnet skal inn i HFK si leiaropplæring</li> <li>• Ferdigstilling av vedtak i Fylkesdelplan for universell utforming 2006-2009</li> <li>• <b>Sjå til at Delmål 1.4 i Regional plan for folkehelse 2014-2017 vert oppfylt.</b></li> </ul>			
<p><b>Mobbing/diskriminering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kurs for alle skuletilsette om avdekning og handtering av mobbesaker, samt korleis følgje dei opp i</li> </ul>			



174      **4. HFK som arbeidsgjevar**

175

176    *HFK si rolle som arbeidsgjevar er basert på respekt for og tillit til dei tilsette, og mangfald er  
177    ein viktig ressurs både i rekrutteringsarbeidet og i den daglege verksemda.*

178    *HFK skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som til ei  
179    kvar tid trengst for å oppfylle samfunnsoppdraget. .*

- 180      • Hordaland fylkeskommune er ein viktig arbeidsgjevar med ansvar for ein stor og  
181        mangfoldig arbeidsstokk. Fylkeskommunen har som del av den offentlege  
182        forvaltninga eit stort ansvar for å ta vare på og utvikle dei demokratiske verdiane.  
183      • HFK sin arbeidsgjevarpolitikk skal fremja likeverd, likestilling og inkludering. Den gode  
184        personalpolitikken skal kjenneteikne fylkeskommunen i alle ledd og på alle nivå, og  
185        slik gjere HFK til ein attraktiv arbeidsplass for dyktige medarbeidarar.  
186      • I dei fleste sektorane er kjønnsfordelinga relativt jamn, berre tannhelse peikar seg ut  
187        med stort kvindefleirtal. **Talet på menn er og noko høgt i leiande stillingar sett i  
188        forhold til det totale talet.**

189  
190      **For å rekruttere og behalde eit kompetent og stabilt personale som representerer  
191        fylkeskommunen sine verdiar, må HFK ha fokus på:**

192  
193      -**Lønspolitikk** . Det er eit uttalt mål for fylkeskommunen at talet på arbeidstakrar i  
194        uønskt deltid skal reduserast. HFK har og ein lønspolitikk som ikkje favoriserer eitt  
195        kjønn. (**Lønsstrategi for HFK**) Usaklege lønsforskjellar skal elles aktivt motarbeidast.  
196        Jfr. Aktivitets- og redegjørelsесplikten §23 og 24 i likestillingsloven.

197  
198      -**Alder** Arbeidsmiljølova slår fast at det er forbod mot diskriminering på grunn av alder  
199        i alle sider ved arbeidsforholdet, t.d. tilsettjing, omplassering, forfremming, opplæring,  
200        løn og opphør. HFK ønskjer at eldre arbeidstakrarar skal kjenne seg verdsette og  
201        inkluderte på lik linje med yngre, og skal stimulere sine tilsette til å stå lenger i arbeid.  
202        Fylkeskommunen skal ha eit livsfaseperspektiv som del av personalpolitikken.

203  
204      -**Rekruttering** HFK ønsker eit mangfold av dyktige medarbeidarar, og må legga til rette  
205        både for ei brei rekruttering og for å behalde dei tilsette. Ei balansert fordeling når  
206        det gjeld kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder verkar positivt inn på  
207        arbeidsmiljøet, og det vil vere med på å utvikle organisasjonen.

208  
209      -**Likestilling** HFK ønskjer å fremje likestilling på alle nivå i organisasjonen. Som  
210        arbeidsgjevar har fylkeskommunen ansvar for at medarbeidarane ikkje opplever seg

211 diskriminerte på bakgrunn av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsidentitet. Alle  
212 tilsette i HFK skal trygt kunne vere opne om sin bakgrunn dersom dei ønskjer det. (Sjå  
213 elles LHBT-planen frå 2014)

214  
215 -*Åtferd* Inkludering på arbeidsplassen gir seg utslag i høfleg og omgjengeleg åtferd.  
216 Døme på slik åtferd finn vi i språkbruk, humor og i den generelle kommunikasjonen  
217 på arbeidsplassen. Leiarane skal sjå kvar einskild arbeidstakar som heile og verfulle  
218 menneske, og alle skal handsamast med respekt. Vi arbeider aktivt for å oppnå lik  
219 leiarpraksis på alle nivå og i alle einingar.

220  
221  
222 -*Inkludering* Det skal vere kultur i HFK for å tilsetje og ta godt vare på medarbeidarar  
223 med både synlege og usynlege utfordringar som redusert fysisk eller psykisk  
224 fuksjonsevne. Døme på dette kan vere nedsett syn eller hørysle, rørslehemmingar,  
225 lese- og skrivevanskar, psykiske problem, allergiar eller høgsensitivitet av ulik  
226 karakter. Alle skal ha respekt for kvarandre uavhengig av livssyn eller religiøs  
227 tilhørysle, og medarbeidarar med ulik politisk og sosial bakgrunn vert verdsette like  
228 høgt. Eit breiddt mangfald kan medføre ulik grad av tilrettelegging, men det vil og  
229 tilføre organisasjonen nye ressursar og vitalitet. Medarbeidarane i HFK står i ulike  
230 livsfasar, og arbeidsgjevarpolitikken i fylkeskommunen tek omsyn til dette.

231  
232 *Aktiv inkludering kan innebere ein målkonflikt mellom kravet om effektiv drift og reell*  
233 *inkludering.* Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal  
234 bidra til eit inkluderande arbeidsliv, og dette kan derfor ha budsjettmessige  
235 konsekvensar.

## 238 Tiltak

Tiltak	Ansvar	Tid	Merknad
<b>Likeverd og inkludering skal vere tema på:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>-Leiarsamlingar</li><li>-Leiaropplæringa</li><li>-Kurs for nytilsette</li><li>-Grunnkurs i HMS-arbeid</li><li>-skal årleg opp i AMU/HAMU</li><li>• Handlingsplanen skal presenterast for nytilsette i oppstartsamtale</li></ul>	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon	Kontinuerleg	
• Utarbeide lønspolitisk dokument som aktivt	Direktør økonomi og organisasjon	2017	Basert på statistisk materiale

motarbeider lønsforskjellar basert på kjønn			
	«		
<b>Rekrutteringsarbeid</b>	HR direktør/linjeiarar		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <u>Sjå til at Prosedyre ved rekruttering vert følgt opp, det gjeld i særlig grad pkt.4, 5 og 10.</u></li> <li>• HFK skal ha praksis- og lærlingplassar for personar med etnisk minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne. 20% av lærlingplassane skal vere øyremerka etniske minoritetar</li> <li>• Stillingsannonser skal opplyse om fylkeskommunen sin inkluderingspolitikk. Aktuelle grupper skal oppfordrast til å søkje. Aktuelle annonsar skal føreliggje på engelsk i nettversjonen.</li> </ul>			
<b>Rapportering</b>	«		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide årleg statusrapport med utvalde emne i forhold til likeverd, likestilling og inkludering. Rapporten skal leggast fram for adm.utvalet</li> <li>• </li> </ul>			
<b>Retningslinjer</b>			
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide retningslinjer for handtering av mobbing og trakassering blant tilsette i HFK</li> <li>• <b>Utarbeide retningslinjer for grensesetjing når det gjeld kleskode, religiøse uttrykk etc.</b></li> </ul>			
<b>Diverse:</b>			Årleg rapportering på bruk av desse ressursane.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for stillerom i dei ulike fylkeskommunale einingane</li> <li>• Avsetje ein årleg prosent av budsjettet til konkret inkluderingsarbeid blant tilsette og ved rekruttering.</li> <li>• Opprette ein pris for godt inkluderingsarbeid</li> </ul>			

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skipe til haldningkampanje mot mobbing</li> <li>• Kompetanseheving for rådgjevarar i skule når det gjeld likestilling</li> <li>• </li> </ul>			

239

240 **5. Oppsummering**

241 Arbeidet med likestilling og likeverd, mangfald og inkludering, handlar om meir enn det som kan  
242 nedfellast i planar og lovverk. Det handlar om langsigtt arbeid, om vanskelege prioriteringar, og ikkje  
243 minst, det handlar om *haldningar*. Denne planen er eit uttrykk for at Hordaland fylkeskommune  
244 ønskjer å satse og gjere verdiane forpliktande for fylkeskommunen sitt arbeid framover.

245 Planen har fokus på mangfald og likeverd, og intensjonen har vore å vinkle arbeidet mot *inkludering*  
246 istadenfor *diskriminering*. Vidare skal han vere eit viktig verktøy for å gje kunnskap, verkemiddel og  
247 retningslinjer til å setja i verk moglege tiltak for å nå dette målet. Den konkrete oppfølginga av  
248 planen vert avgjerande for fylkeskommunen si utøving av samfunnsoppdraget. Dette gjeld både i  
249 rolla som arbeidsgjever, som arbeidsplass, i skulen og i den offentlege tenesteytinga.

250 Denne planen skal gi retning for arbeidet i HFK, og den skal bidra til at HFK vert ein attraktiv  
251 arbeidsgjever så vel som ein rettvis, effektiv og god tenesteytar for innbyggjarane.

252

- 253       **6. Kjelder**
- 254
- 255       Prosjektplan og oppdragsspesifikasjon
- 256       Etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune (godkjent av Fylkestinget  
257       2015)
- 258       Utkast til virksomhetsstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016-2020, 4.februar 2016
- 259       Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt
- 260       Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune, 2008
- 261       Overordna HMT-plan for Hordaland fylkeskommune 2014-2017
- 262       IA-avtalen
- 263       Samarbeidsavtale for IA mellom NAV og HFK
- 264       Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018
- 265       Arbeidsmiljølova
- 266       Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringsloven om  
267       etnisitet)
- 268       Lov om likestillings mellom kjønnene (likestillingsloven)
- 269       Lov om forbund mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og  
270       kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering)
- 271       Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og  
272       tilgjengelighetsloven)
- 273       Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland  
274       fylkeskommune (2014)
- 275       Regional plan for folkehelse 2014-2025 (som erstattar Fylkesdelplan for universell utforming 2006-  
276       2009)
- 277       [www.byggforalle.no](http://www.byggforalle.no)
- 278       Hordaland fylkeskommune si årsmelding frå 2015 ([www.hordaland.no](http://www.hordaland.no))
- 279
- 280
- 281       **7. Definisjonar**
- 282       Når det gjeld bruken av omgrepa diskriminering og mobbing i planen, legg vi til grunn desse  
283       definisjonane:

284

285 «Diskriminering, å behandle noen mindre gunstig enn andre. Ordet brukes oftest for å betegne en  
286 usaklig eller urimelig forskjellsbehandling av individer på grunnlag av deres kjønn, religion,  
287 tilhørighet til etniske grupper, nasjonaliteter eller nedsatt funksjonsevne. Dette gjenspeiles i  
288 begreper som for eksempel rasediskriminering og kjønnsdiskriminering.» (Store norske leksikon,  
289 <https://snl.no/diskriminering>, 31.03.16)

290 **Arbeidstilsynet** har følgjande definisjon av mobbeomgrepet: "Det er mobbing når en person gjentatte ganger og over tid utsettes for  
291 negative handlinger. Dette kan dreie seg om trakkassering, plaging, utfrysing, sårende erting og lignende. Det er typisk for situasjonen at  
292 offeret ikke er i stand til å forsvare seg. Dersom partene som står mot hverandre er like sterke eller det handler om enkeltstående  
293 episoder, defineres det ikke som mobbing. Styrkeforholdet mellom partene handler ikke nødvendigvis om formell plassering i  
294 organisasjonen. Slik begrepet vanligvis brukes, kan en person bli utsatt for mobbing både fra ledere og kollegaer."  
295 ([http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78225#hva\\_er](http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78225#hva_er) 31.03.16)

296